

Vedlegg B5

Førehandsuttale og røyrleggarmelding

Førespurnad om tilknytning til VA-anlegg og innmelding av røyrleggararbeid og VA-/sanitæranlegg.

FØREHANDSUTTALE

Skal det søkjast om byggeløyve, eller deling av eigedom som det skal byggast på, må det innhentast førehandsuttale. Dette gjeld for byggetiltak som skal ha vassforsyning og avløp, men også for andre tiltak som eksempelvis murar, garasjar og naust.

Formålet med ein førehandsuttale er i hovudsak å avklare tilknytningspunkt og kapasitet på vass- og avløpsnett, handtering av overvatn og om tiltaket kjem i konflikt med leidningar i grunnen.

Skjemaet skal fyllast ut av tiltakshavar eller ansvarleg søkjar.

Situasjonskart og ledningskart skal leggjast ved søknaden. Same situasjonskart som i bygge- eller delingsøknaden kan brukast. Ledningskart fåes ved å ta kontakt med kommunen.

Motteke førehandsuttale for vatn og avløp frå kommunen skal ligge som vedlegg til bygge- eller delingsøknaden.

Eigen førehandsuttale er ikkje nødvendig for tiltak som bare omhandlar innvendige tiltak, slik som seksjonering, bruksendring m.v., dvs utvendige anlegg ikkje blir endra.

Søknad om vass- og avløpsarbeid for innvendig arbeid skal likevel sendast inn og vere godkjent før oppstart.

SØKNAD OM VANN- OG AVLØPSARBEID

Før det gis igangsettingstillatelse (IG) til byggetiltak skal valt entreprenør/røyrleggar sende inn og få godkjent «søknad om vass- og avløpsarbeid». Forehandsuttalen vil vere ein del av grunnlaget for behandling av denne søknaden.

INNMELDING AV RØYRLEGGARARBEID

Alt røyrleggararbeid skal utførast av godkjent foretak, eksempelvis røyrleggar eller entreprenør, som må søke/melde inn arbeidet og få det godkjent før oppstart.

Dersom leidningsanlegget kjem til å ha innverknad på naboeigedommar eller bygningar, må det innhentast løyve frå eigaren før arbeidet blir sett i gang. Løyve/rettigheit til å ha leidningar liggande på grunnen til naboen skal vere tinglyst hos Kartverket. Når arbeidet er avslutta skal ansvarleg foretak sende inn ferdigmelding.

TILKNYTING TIL VA- /SANITÆRANLEGG

Søknad om etablering, endring og reparasjon av VA-anlegg som er tilknytta eller skal tilknyttast det offentlege vass- og avløpsnettet skal registrerast digitalt i kommunalt system:

For kommunane Giske, Sula og Ålesund;

Gemini VA-entreprenørenes portal skal brukast. Kontakt kommunen for tilgang.

Etablering av avløpsanlegg og leidningar er også søknadspliktige etter [Plan- og bygningsloven](#).

VASSMÅLAR / TILBAKESTRUMSSIKRING

Installasjon av vassmåla, tilbakestrumssikring, feittutskillar og oljeutskillar skal søkast om og meldast inn i eigne skjema. Private utslepp må det søkjast utsleppsløyve for, og anlegget må ferdigmeldast.